



**FJELL KOMMUNE**

**LOKALE FORSKRIFTER OM  
KOMMUNALE GEBYR**

**2012**

**FOR SAKSFELTA AREAL OG REGULERING,  
BYGGESAK OG KART OG OPPMÅLING**

**MED TILHØYRANDE SATSAR**

Vedteke av Fjell kommunestyre  
14.12.2006, sak KS – 130/06

Nye satsar for 2012 - vedteke KS 15.12.2011

## **INNHALD**

<b>1. INNLEIING OG GENERELL INFORMASJON .....</b>	<b>3</b>
<b>2. GEBYR: VILKÅR OG SATSAR .....</b>	<b>4</b>
<b>3. GEBYRSATSAR FOR SAKSFELTET AREALPLANAR OG DELESAKER.....</b>	<b>6</b>
<b>4. BYGGJESAKER .....</b>	<b>8</b>
<b>5. KART- OG OPPMÅLINGSSAKER .....</b>	<b>13</b>
<b>6. REFERANSAR, FORKORTINGAR OG DEFINISJONAR .....</b>	<b>15</b>

## Kapittel 1: INNLEIING OG GENERELL INFORMASJON

Dette heftet inneheld dei gjeldande lokale forskriftene med tilhøyrande gebyr for tekniske tenester i Fjell kommune for gjeldande år. Spørsmål om innhaldet kan rettast til:

- *PER POST:* Fjell kommune,  
Plan- og utbyggingssjefen  
Postboks 184,  
5342 STRAUME
- *VED PERSONLEG  
FRAMMØTE:* Rådhuset, servicetorget
- 
- *PER TELEFON:* 55 09 60 00
- 
- *PER TELEFAKS:* 56 32 65 00
- 
- *PER E-POST:* [postmottak@fjell.kommune.no](mailto:postmottak@fjell.kommune.no)

Informasjon om forskrifter og gebyr knytt til vatn, avløp og renovasjon får ein hjå FjellVAR AS, eller på internett [www.fjellvar.as](http://www.fjellvar.as).

Informasjon om forskrifter og gebyr knytt til feiing og tilsyn får ein hjå Sotra Brannvern IKS, eller på internett [www.sotrabrannvern.no](http://www.sotrabrannvern.no).

### Meirverdiavgift, purregebyr, morarenter og tvangsinndriving

Tenestene i dette heftet er ikkje avgiftspliktige.

I medhald av Lov om renter ved forseinka betaling mv., vil det verte rekna forseinkingsrenter etter gjeldande sats (9 % per 01.01.2012). Ved purring må ein i tillegg betale purregebyr etter gjeldande sats, (kr 61,00 per 01.01.2012, jf. Inkassoforskrifta).

Elles vil ubetalte krav verte inndrivne etter det til ei kvar tid gjeldande lovverk.

### Kostnadsdekking

Tenestene i kapittel 2 skal brukarfinansierast gjennom gebyr, jf., sak i kommunestyret, KS 130/06 den 14.12.2006. Difor har Fjell kommune i same sak vedteke å føre separate gebyrrekneskap for dei 3 saksfelte arealplan, byggjesak og kart og oppmåling. Det er ikkje høve til å krevje inn meir i gebyr enn kva kostnadene tilseier, men gebyra kan likevel jamnast ut over ein periode på maksimalt 3 år.

### Kunngjeringar

Endringar i gebyrsatsar og andre tilhøve vil verte kunngjort i dagspressa, jf. Forvaltingslova § 38, og på Fjell kommune sine heimesider [www.fjell.kommune.no](http://www.fjell.kommune.no).

Gebyransatsane i dette regulativet gjeld frå 01.01.2012. Satsane vert vurdert i samanheng med dei årlege budsjetta i kommunen

### Klager

Enkeltvedtak, jf. Forvaltingslova § 2, 1. ledd pkt. b kan påklagast jf. Forvaltingslova § 28. I praksis tyder det at gebyr som er fastsett av rådmannen ved plan- og utbyggingssjefen på særskilt grunnlag eller etter skjønn (jf. kap. 2.5), kan påklagast.

Rådmannen ved plan- og utbyggingssjefen si avgjerd av søknad om reduksjon i gebyr kan påklagast til Fjell kommune sitt klageorgan for saker etter Plan- og bygningslova. Det same gjeld alle andre klagesaker etter denne forskrifta. Fylkesmannen har endeleg avgjerd i slike klagesaker. Klage skal likevel sendast til den instans som fatta vedtaket.

Vedtak om storleiken på gebyra og innhaldet i tekstdelen i dette heftet elles vert rekna som ei forskrift, jf. Forvaltingslova § 2, 1. ledd pkt. c og kan difor ikkje påklagast.

## **Kapittel 2: GEBYR: VILKÅR OG SATSAR**

### **2.1 Generelle forskrifter**

Dette kapitlet inneheld orientering om gebyr vedtekne med heimel i Plan- og bygningslova § 33-1, Forureiningslova § 52a, Forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker (Jordlova), Lov om eigarseksjonar § 7 og Matrikkellova § 30 og 32 med tilhøyrande forskrift § 16 og 17.

### **2.2 Betalingsplikt**

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr. Gebyret forfell til betaling 21 dagar etter fakturadato. Om gebyret ikkje vert betalt til rett tid, kan vidare sakshandsaming verte stoppa. Gebyret vert belasta tiltakshavar eller ansvarleg søker.

I tillegg til dei gebyra som er nemnt i dette kapitlet, kjem eventuelle tinglysingsgebyr etter dei til ei kvar tid gjeldande satsar.

### **2.3 Tidspunkt for utrekning av gebyr**

Gebyr vert rekna etter dei satsar som gjeld på det tidspunkt planframlegg, fullstendig søknad, endringssøknad, melding eller rekvisisjon er motteke.

For saker som er til handsaming over lengre tid, kan rådmannen ved plan og utbyggingssjefen ta stilling til eventuell bruk av nye gjeldande gebyrsatsar.

### **2.4 Tidspunkt for betaling, rabattar og refusjon**

#### **Generelt**

Gebyret vert til vanleg å betale forskottsvis og vert fakturert så snart saka er registrert. Ved skriftleg tilbaketrekking av ei sak før den er ferdig handsama, eller kartforretninga er utført, skal det betalast 50 % av fullt gebyr. For plansaker skal det likevel betalast fullt gebyr dersom saka er lagt ut til offentleg ettersyn. Ved avslag på søknad vert 50 % av gebyret refundert. Dette gjeld likevel ikkje for pkt. 4.1 igangsetjing utan løyve (ulovleg bygging).

#### **Rabattordningar**

For einskilde sakstypar vert det gjeve 25 % reduksjon i gebyret dersom saka tilfredsstillar nærare gjevne krav. Dette fordi sakshandsamingstida då vert redusert. Nærare informasjon om krav og kva gebyr dette gjeld går fram av det einskilde gebyrpunkt under.

#### **Saker som gjeld refusjon**

Ei førebels gebyravrekning vert gjort på grunnlag av godkjent pristilbod eller kalkyle for utføring av tiltaket. Beløpet skal være innbetalt før refusjonssaka vert sett i gang. Restbetalinga må vere gjort før saka vert lagt fram, jf. Plan- og bygningslova § 18-3.

## **2.5 Urimelege gebyr**

Om gebyret vert vurdert som openbart urimeleg i høve til det arbeid og dei kostnader kommunen har hatt med saka, eller av andre grunner, skal rådmannen ved plan- og utbyggingssjefen fastsette høveleg gebyr. Etter søknad om reduksjon av gebyr, kan rådmannen ved plan- og utbyggingssjefen fastsette lågare gebyr dersom gebyret vert vurdert som openbart urimeleg. Søknad om nedsetjing av gebyr medfører ikkje utsett betalingsfrist.

## **2.6 Skjønn**

Dei fleste sakene som det er knytt gebyr til, har ei presis og eintydig avgrensing, slik at sakshandsamar i liten grad treng å legge skjønn til grunn. I nokre høve er det likevel naudsynt med kvalifisert skjønn som grunnlag for fastsetjing av gebyrstørleik. Der skjønn er naudsynt, vil administrasjonen dokumentere grunnlaget for skjønnet i eige vedtak.

## **2.7 Lovbrotsgеbyr.**

Lovbrotsgеbyr er ei nyordning i plan- og bygningslova. Kommunen har fått heimel til å fastsetje eit straffeliknande gebyr på inntil kr 400.000 som tilfell kommunen. Korleis gebyret skal utmålast går fram av byggesaksforskrifta kap 16, samt tilhørande rettleiingsmateriale. Kommunestyret i Fjell har delegert til rådmannen å fastsetje lovbrotsgеbyr i einskildsaker, jfr sak 85/10

## Kapittel 3: GEBYRSATSAR FOR SAKSFELTET AREALPLANAR OG DELESAKER

### jf. Plan- og bygningslova kap. 12 og § 20-1 pkt m

Saker i høve første kulepunkt som er komplett ved innlevering får 25 % rabatt (« redusert sats »).

For 3 hus eller færre vil det normalt ikkje vere krav om regulering, med mindre Komité for plan og utvikling gjer anna vedtak i den enkelte sak.

Kommunen sine annonseringskostnader er inkludert i satsane der dette er relevant.

	Full sats	Redusert sats
- Handsaming/vesentleg endring av regulerings- og utbyggingsplanar, areal $\leq 10.000 \text{ m}^2$	127.995,-	95.996,-

**Merk:** For planar mellom  $10.000 \text{ m}^2$  og  $50.000 \text{ m}^2$  vil gebyret følgje ein glideskala med ein auke på 943,- kroner for kvar  $1000 \text{ m}^2$ . Ut over  $50.000 \text{ m}^2$  vil auken for kvar  $1000 \text{ m}^2$  vere 647,- kroner.

Om kommunen krev utviding av planområdet, kan kommunen vurdere om denne utvidinga skal ha konsekvensar for fastsettinga av gebyr

	Sats
- For regulering i urbane strøk reknast særlege tillegg	
- Mindre vesentlege endringar i regulerings- og utbyggingsplanar	12.953,-
- Små endringar i reguleringsplan	7.556,-
- Søknad om omdisponering/føresurnad om regulering i plan- og delesaker (Ved innsending av reguleringsplan kjem dette gebyret til frådrag i gebyr for handsaming av reguleringsplan.)	9.350,-
- Handsaming av «Plan for utbygging i regulert område», evt. tomtedelingsplan i uregulert strøk	18.493,-
- Private planframlegg som berre omfattar føremål som verneomsyn, friområde, ideelle føretak, offentlege eller allmennyttige føremål og liknande	0,-
Søknad om frådelling av tomt:	
- i regulert område der tomtedeling ikkje går fram av vedteken plan.	3.534,-
- i uregulert strøk, for første tomt	8.995,-
- Tillegg per ekstra tomt	1.767,-
- Søknad om frådelling av tilleggsareal, grensejustering, vegareal	8.995,-
- Sakshandsaming etter Jordlova med tilhøyrande forskrifter	1.247,-

- Søknad om dispensasjon frå reguleringsplanar, utbyggings- planar, kommuneplanen sin arealdel og PBL § 1-8 («100 m-beltet») 9.175,-

### 3.2 Refusjonar,

(jf. Plan- og bygningslova kap.18 ny planlov)

- Gebyr for handsaming av refusjonssaker vert fastsett etter ein prosentsats på 1,2 % av godkjent rekneskap.

### 3.3 Konsekvensutgreiingar

(jf. Plan- og bygningslova kap. 4 og 14)

- I dei høve kommunen er ansvarleg styresmakt i høve forskrift om konsekvensutgreiingar, skal det for handsaming av konsekvensutgreiingar betalast 83.114,-

Merk: Erfaringsgrunnlaget for å fastsetje storleiken på gebyret er lite. Talet her er difor eit anslag. Endeleg gebyr må fastsetjast på grunnlag av dokumentert tidsbruk.

- Handsaming av planprogram/konsekvensutgreiing for detaljplan 12.953,-

### 3.4 Separate avløpsanlegg

- Godkjenning av utslepp frå separate avløpsanlegg mindre enn 50 PE 3.534,-
- Godkjenning av utslepp frå separate avløpsanlegg større enn 50 PE 13.171,-

### 3.5 Dispensasjonar

Søknad om dispensasjon frå gjeldande planar, lovverk og forskrifter. Jfr pbl kap.19

- Gebyr for dispensasjonssøknader 8.738,-

## Kapittel 4: BYGGJESAKER

jf. Plan- og bygningslova § 20

### 4.1 Tiltak som krev søknad/løyve, men er unnateke krav om ansvarsrett og kan utførast av søkjar/tiltakshavar

- Melding om arbeid 3.187,-  
Herunder:
  - mindre byggjearbeid på bustad- eller fritidseigedom
  - mellombelse bygg
  - transportable bygg
  - mindre byggjearbeid på bustadeigedom og innafor ei einskild verksemd sitt område
  - Driftsbygningar i landbruket
  - Større antenner og luftkabelstrekk
  - Hallar kledd med duk eller folie
  - Garasjar, leikestover over 15 m<sup>2</sup>, osb.

### 4.2 Nybygg

(Pbl §20-1.a)

Kan ved nokre høve føresette dispensasjon. For saker som er 100 % komplett ved første gongs innlevering vert det gjeve 25 % rabatt («reduisert sats»)

#### 4.2.1 Bustadbygg og fritidsbustader

	Full sats	Redusert sats
- For første bustadeining	9.595,-	7.196,-
- Tillegg per bustadeining	6.339,-	4.755,-

#### 4.2.2 Næringsverksemd, tenesteyting m.v.

Herunder forretningsbygg, kontorbygg, industri, skule og barnehage, idrettsbygg, bygg for trussamfunn og liknande.

	Full sats	Redusert sats
- Per påbegynt 100 m <sup>2</sup> BRA.	6.339,-	4.755,-
▪ Maksimumsbeløp	250.000,-	

#### 4.2.3 Lagerhus, uthus, naust m.v.

Herunder lager, garasje og parkeringshus, uthus, naust og liknande.

	Full sats	Redusert sats
- Per påbegynt 100 m <sup>2</sup> BRA	6.339,-	4.755,-
▪ Maksimumsbeløp	250.000,-	

I dei høve eitt og same bygg fell inn under fleire punkt, skal gebyr for respektive del reknast etter respektive punkt. Unntaket er dersom det samstundes med bustadbygg under pkt. 4.2.1 vert byggemeld garasje/bod/uthus eller liknande. Då vert det ikkje rekna eige gebyr for dette.

### 4.3 Tilbygg til eksisterande bygningar

(PBL §20-1 pkt a, b, c og g).

Kan også kunne krevje dispensasjon. For søknader om til- og påbygg som er 100 % komplett ved første gongs innlevering vert det gjeve 25 % rabatt.

#### 4.3.1 Bustadbygg og fritidsbustader

	Full sats	Redusert sats
- Til- og påbygg	4.455,-	3.341,-
<u>Herunder:</u>		
- til- og påbygg per påbegynt 30 m <sup>2</sup> BRA		
- bruksendring med bygningsmessig arbeid		
- Endringsarbeid på bygg, per bustadeining	1.414,-	
<u>Herunder:</u>		
- innreing av rom til opphald i kjellar og/eller på loft		
- innvendig ombygging – per bustadeining		
- vesentleg fasadeendring med m.a. utskifting av vindauge		
- terrassar		
- bruksendring utan bygningsmessige arbeid		

#### 4.3.2 Næringsverksemd, tenesteyting m.v.

Herunder forretningsbygg, kontorbygg, industri, skule og barnehage, idrettsbygg, bygg for trussamfunn og liknande.

For søknader om til- og påbygg som er 100 % komplett ved første gongs innlevering vert det gjeve 25 % rabatt.

	Full sats	Redusert sats
- Til- og påbygg	4.455,-	3.341,-
<u>Herunder:</u>		
- til- og påbygg til eksisterande bygningar. Per påbegynt 100 m <sup>2</sup> BRA		
- bruksendring med bygningsmessige arbeid. Per etasje		
- Endringsarbeid på bygg	4.455,-	3.341,-
<u>Herunder:</u>		
- innvendig ombygging. Per etasje		
- innreing av rom til opphald, heismaskinrom, ventilasjonsrom mv. i kjellar og/eller på loft. Per påbegynt 100 m <sup>2</sup> BRA		
- fasadeendring		
- bruksendring utan bygningsmessige arbeid. Per etasje		

Maksimumsbeløp

250.000,-

### 4.3.3 Lagerhus, uthus, naust m.v.

Lager, garasje og parkeringshus, uthus, naust og liknande.

For søknader om til- og påbygg som er 100 % komplett ved første gongs innlevering vert det gjeve 25 % rabatt.

	Full sats	Redusert sats
- Til- og påbygg	4.455,-	3.341,-
<u>Herunder:</u>		
- til- og påbygg til eksisterande bygningar. Per påbegynt 100 m <sup>2</sup> BRA		
- bruksendring med bygningsmessige arbeid. Per etasje		
- Endringsarbeid på bygg	4.455,-	3.341,-
<u>Herunder:</u>		
- innvendig ombygging. Per etasje		
- innreiing av rom til opphald, heismaskinrom, ventilasjonsrom mv. i kjellar og/eller på loft. Per påbegynt 100 m <sup>2</sup> BRA		
- fasadeendring		
- bruksendring utan bygningsmessige arbeid. Per etasje		
Maksimumsbeløp	250.000,-	

### 4.4 Tekniske installasjonar

Oppføring, endring og reparasjon av tekniske installasjonar som er søknadspliktige tiltak etter PBL § 20-1 pkt. f, jf. § 31.

- Tekniske anlegg	Sats
	1.414,-
<u>Herunder:</u>	
- sanitære anlegg (bad/wc, dusj, vaskerom, badstove)	
- kulde- og varmepumpeanlegg	
- heisar og liknande	
- brannalarmanlegg	
- sprinklaranlegg	
- oljeutskiljarar	
- varmeanlegg, herunder:	
sentralvarme, røykkanal, skorstein mv., alle typar	
industriomnar, kaminbrennar, utskifting av brennar, open eldstad,	
lukka eldstad (omn, kamin, komfyr), lagertank under terreng mv.	

#### 4.5 Andre tiltak

(Jf. PBL § 20-1, e,h, i, j , k og l).

Kan og vere naudsynt med dispensasjonssak.

- Parkeringsplassar > 100 m<sup>2</sup>, vegar > 100 lm, store leidningsanlegg (som evt. kan overtakast av kommunen), store kaier > 100 m<sup>2</sup>, molo, gang- og køyrebruer, tunnelar og kulvertar, hallar og anlegg i fjell 7.196,-
- Parkeringsplassar < 100m<sup>2</sup>, vegar < 100 lm, mindre leidningsanlegg, mindre kaier, grave- og fyllingsarbeid, enkle lausmasse- og fjellarbeid i dagen, avkøyring, større konstruksjonar slik som støyskjerm, lysmast, TV-mast, radiomast, tribunar, ballbingar, større støttemur over 1,5 meter høgde, flytebrygge og liknande 3.855,-
- Bustadbrakke på arbeidsplass, gjerde mot veg, mindre støttemur opp til 1,5 m høgde og liknande (I dei tilfelle dette er søknadspliktig.) 1.414,-
- Skilt-/reklameinnretningar. 2.442,-
- Separate søknader om riving av bygningar, konstruksjonar og anlegg som er søknadspliktige tiltak 1.928,-

#### 4.6 Dispensasjonar

Søknad om dispensasjon frå gjeldande planar, lovverk og forskrifter. Jfr pbl kap.19

- Gebyr for dispensasjonssøknader 8.738,-

#### 4.7 Ansvarsrett

(Jf. PBL §22-3).

- Lokal godkjenning av ansvarsrett der det ikkje ligg føre sentral godkjenning (Gjeld og for søknad om personleg ansvarsrett) 1.928,-
- Lokal godkjenning av ansvarsrett der det ligg føre sentral godkjenning (Gjeld og for søknad om personleg anvarsrett) 771,-

#### 4.8 Reviderte teikningar

For tilfelle der det vert sendt inn reviderte teikningar etter at søknaden er innregistrert

- Reviderte teikningar som ikkje krev nytt vedtak 1.414,-
- Reviderte teikningar som krev nytt vedtak 3.187,-

#### 4.9 Fornyng av løyve til tiltak eller godkjent melding om arbeid

NB! (Ved vesentlege endringar vert saka rekna som ny.)

- Fornyng av løyve til tiltak eller godkjent melding om arbeid, utan vesentlege endringar 1.953,-

#### 4.10 Igangsetjing utan løyve (ulovleg bygging)

Dersom:

- Tiltaket er i strid med dei krava som planen set, og det heller ikkje er søkt eller meldt frå om.
- Tiltaket stettar krava i planen eller dispensasjon, men ikkje er søkt eller meldt frå om.
- Tiltaket stettar krava i planen eller dispensasjon, men avvikar vesentleg frå det som er meldt frå om eller gjeve løyve til.
- Rammeløyve er gjeve, men ikkje løyve til igangsetjing av det som er utført.
- Løyve til igangsetjing er gjeve, men tiltaket vert utført av andre enn dei som er gjeve ansvarsrett.
- Mellombels bruksløyve eller ferdigattest er gjeve, men tiltaket vert bruk i strid med melding eller løyve.
- Bruk av tiltak utan at det er gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest

...vert det kravd eit tilleggsgebyr på inntil 100% av fullt handsamingsgebyr. Dette for å dekke meirkostnaden ved ekstraarbeidet som ulovleg bygging medfører. Det vert ikkje gjeve reduksjon i gebyret ved avslag. I tillegg til dette kan det verte aktuelt med reaksjonsformer i medhald av Plan og bygningslova §32, herunder straffeansvar, tvangsmulkt, stans av arbeid m.v.

## Kapittel 5: KART OG OPPMÅLINGSSAKER

### 5.1 OPPRETNING AV MATRIKKELENHET

#### 5.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrunn

- Areal frå 0 – 100m<sup>2</sup> 19.429,-
- Areal frå 101 – 750m<sup>2</sup> 24.826,-
- Areal frå 751 – 2.000m<sup>2</sup> 30.223,-
- Areal frå 2.001 m<sup>2</sup> – auke pr. påbegynt 1.000m<sup>2</sup> 2.159,-

#### 5.1.2 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

- Areal frå 0 – 50m<sup>2</sup> 10.254,-
- Areal frå 51 – 250m<sup>2</sup> 12.953,-
- Areal frå 251 – 2.000m<sup>2</sup> 16.191,-
- Areal frå 2.001 m<sup>2</sup> – auke pr. påbegynt 1.000 m<sup>2</sup> 1.079,-

#### 5.1.3 Oppretting av anleggseigedom

- Volum frå 0 – 2.000m<sup>3</sup> 24.826,-
- Volum frå 2001m<sup>3</sup> – auke pr påbegynt 1.000m<sup>3</sup> 1.079,-

#### 5.1.4 Registrering av jordsameie

Gebyr etter medgått tid

### 5.2 OPPRETNING AV MATRIKKELENHET UTAN FULLFØRT OPPMÅLINGSFORRETNING

#### 5.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

- Areal frå 0 – 100m<sup>2</sup> 6.476,-
- Areal frå 101 – 750m<sup>2</sup> 8.275,-
- Areal frå 751 – 2.000m<sup>2</sup> 10.074,-
- Areal frå 2.001 m<sup>2</sup> – auke pr. påbegynt 1.000m<sup>2</sup> 359,-

### 5.3 GRENSEJUSTERING

#### 5.3.1 Oppretting av grunneigedom (tilleggsparsell)

- Areal frå 0 – 250m<sup>2</sup> 8.635,-
- Areal frå 251 – 500m<sup>2</sup> 12.953,-
- Areal frå 501 m<sup>2</sup> – auke pr. påbegynt 500m<sup>2</sup> 1.079,-

#### 5.3.2 Grunneigedom, festegrunn og jordsameie

- Areal frå 0 – 250m<sup>2</sup> 9.179,-
- Areal frå 251 – 500m<sup>2</sup>. 12.953,-

#### 5.3.3 Anleggseigedom

- Volum frå 0 – 250m<sup>3</sup> 10.794,-
- Volum frå 251 – 1.000m<sup>3</sup> 16.191,-

For oppmåling av minimum 5 samanhengande parsellar under eitt frå ein og same utbygger, kan ein få det kommunale gebyret redusert med 15%. Føresetnaden er at arealet er tilrettelagt og ferdig opparbeidd med vegar.

Ved kartforretning der ein ikkje treng merking og måling i marka, vert gebyret redusert med 50%.

## **5.4 AREALOVERFØRING**

### **5.4.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameie**

- Areal frå 0 – 250m<sup>2</sup> 16.191,-
- Areal frå 251 – 500m<sup>2</sup>. 21.588,-
- Areal frå 500 m<sup>2</sup> – auke pr. påbegynt 500m<sup>2</sup> 1.079,-

### **5.4.2 Anleggseigedom**

- Volum frå 0 – 250m<sup>3</sup> 16.191,-
- Volum frå 251 – 500m<sup>3</sup> 21.588,-
- Volumoverføring pr. nytt påbegynt 500m<sup>3</sup> 1.079,-

## **5.5 KLARLEGGING AV EKSISTERANDE GRENSE DER GRENSA TIDLEGARE ER KOORDINATBESTEMT VED OPPMÅLINGSFORRETNING**

- For inntil 2 punkt 8.527,-
- For overskytande grensepunkt, pr. punkt 2.159,-

## **5.6 KLARLEGGING AV EKSISTERANDE GRENSE DER GRENSA IKKJE TIDLEGARE ER KOORDINATBESTEMT**

- For inntil 2 punkt 9.715,-
- For overskytande grensepunkt, pr. punkt 2.699,-
- Gebyr for klarlegging av rettigheter Etter medgått tid

## **5.7 PRIVAT GRENSEAVTALE**

- For inntil 2 punkt eller 100m grenselengde 3.238,-
- For kvart nytt pkt. eller påbegynt 100m grenselengde 1.619,-

## **5.8 UTRIVING AV MATRIKKELBREV**

- Utskriving av matrikkelbrev inntil 10 sider 189,-
- Matrikkelbrev over 10 sider 378,-

## **5.10 SEKSJONERING**

Jf lov om eigarseksjonar, § 7.

Merk: Staten fastset desse gebyra. Evt. endringar i desse, og når dette vert iverksett, har kommunane ikkje høve til å påverke. Det kan såleis skje endringar som ikkje fell saman med kommunen sine egne vedtak om endringar.

- Søknad om seksjonering utan synfaring 2.580,-

- Søknad om seksjonering med synfaring. 4.300,-

Der seksjonering omfattar uteareal som krev målebrev, vert gebyret fastsett etter gjeldande regulativ for kart- og oppmålingsgebyr (med fråtrekk av tinglysingsgebyr)

## **Kapitel 6: REFERANSAR, FORKORTINGAR OG DEFINISJONAR**

### **6.1 Referansar til lover og forskrifter mv.**

<b>LOV</b>	<b>AV DATO</b>	<b>FORKORTING</b>
- Matrikkelloven	17. juni 2005 nr. 101	
- Forskrift til inkassolova mv.	14. juli 1989 nr. 562, sist endra 1. februar 2002 nr. 97	
- Forvaltingslova	10. februar 1967 nr. 00	FVL
- Lov om eigarseksjonar	23. mai 1997 nr. 31	
- Lov om renter ved forseinka betaling mv.	17. desember 1976 nr. 100	
- Offentlegheitslova	19. juni 1970 nr. 69	OFL
- Plan- og bygningslova	27. juni 2008 nr. 71	PBL
- KRD Retningslinjer. Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester	Januar 2003	
- JD Veileder. Forskriftsarbeid for kommuner.	Januar 2002	
- Jordlova	12.mai 1995 nr.23	

### **6.2 Forkortingar**

- BRA Bruksareal
- PE Personeiningar
- NS Norsk standard
- GAB Grunn, adresse og bygningsregister

### **6.3 Definisjonar**

**BRA – Bruksareal** (NS 3940) er det areal av brukseiningar og felles delar som ligg innanfor omsluttande veggjar, med frådrag av veggjar med tjukkeleik > 0,5 m, areal av veggjar mellom brukseiningar og felles delar, samt søyler, skorsteinar, kanalar og liknande som er tilslutta slike delar. Vidare skal areal som vert oppteke av veggjar mellom brukseining og tilhøyrande tilleggsdel som berre har adkomst frå fellesdel trekkjast frå. Det same gjeld areal som vert oppteke av andre vertikale bygningsdelar enn veggjar, til dømes søyler, skorsteinar, kanalar, med tverrsnitt > 0,5 m<sup>2</sup>.x

**Plan- og utbyggingssjefen:** Plan- og utbyggingssjefen er både nemninga på avdelinga som har ansvaret for ansvarsområda i dette gebyrreglementet, og leiaren av denne. Kommunestyret delegerer sine fullmakter til rådmannen. Rådmannen kan deretter delegere vidare til plan- og utbyggingssjefen eller andre, avhengig av ansvarsfelt m.v. Når ein i desse forskriftene nyttar formuleringa ”plan- og utbyggingssjefen”, er det i tråd med delegasjonsreglementet.